


Vedr.kloakkutslipp fra hytten til Arvid Lone, gnr.217, bnr.32.

Gir hermed løyve til Arvid Lone å koble kloakkaviøp fra sin hytte, (etter egen septikktank), inn på aviøpslange fra min hytte (på nedsiden av septikktank).
På nedsiden av tilkoblingspunktet må aviøpslangen festes ordentlig.

Mvh. Monrad Ryland



LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Motestad Rådhuset	Møte dato 11.9.79
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 217 bnr. 2 Romarheim	SAK NR. 396/79
Byggherre/meldar Norvald Ryland	Adr. 5175 Vikanes	
Saka gjeld Frådeling - Hyttetomt til Monrad Ryland		

Vedlegg:

Søknad om frådeling, datert 3.4.79
kartutsnitt 1:2000
søknad om utsleppsløyve, dat. 3.4.79
søknad om unntak frå strandlova, dat. 3.4.79
Godkj. i fylkeslandbruksstyret 17.7.79
Tilrådd i generalplanutvalet i møte den 8.8.79

TILRÅDING:

I samsvar med vedtekt til § 82 i bygningslova, og uttale frå generalplanutvalet, finn bygningsrådet etter siste setning i pkt. 1 i vedtekta å gjera unntak for deling av eigedom i samsvar med søknaden, og på følgjande vilkår:

- Utvida bruk av eksisterande avkjørsle til kommuneveg skal vera godkjend av teknisk utval. (§ 66.1)
Søknad med kart og vedtak i bygningsrådet skal sendast til teknisk utval v/teknisk kontor.
- I samsvar med § 66.2 i bygningslova vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 22.4.75, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helse- rådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva.

Melding om utsleppsløyve vert sendt til helserådet som har 3 vekers klagefrist på vedtaket. Evt. klage har oppsetjande verknad.
- Med tilvising til § 6 i strandplanlova gjev bygnings- rådet unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova. Ein gjer merksam på at søkjaren ikkje kan retta seg etter dette vedtaket før friluftsnemndene har teke stode til klagespørsmålet. Klagefristen er 2 mndr. Evt. klage har oppsetjande verknad.

.../...

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Norvald Ryland · Monrad Ryland Helserådet Fylkesutvalet Lindås fril.nemnd Fylkesfril.nemnda
------------------------	--